

Vedlegg 1

I denne versjonen av den konstruerte folketeljinga (KFT) for Elverum for 1. oktober 1762 har eg, som nemnt i kapittel 1.7.1, fjerna alle personnamn og fakta knytta til desse, bortsett frå dei 276 tenarane. Dette er fyrst og fremst gjort avdi eg har tenkt å publisere heile den konstruerte teljinga seinare for sal. Det er jo også tenarane som har hovudinteressa i denne oppgåva. Rekkefølga frå originalen er ikkje fulgt. I grove trekk er topografien fulgt. Eg har starta på vestsida i Heradsbygda for så å gå over til Leiret, Strandbygda, Hernes. Til slutt er Skogbygdene teki frå vest mot aust. Osen (Søre-Osen) er teki til slutt.

Heradsbygda. Bygd.

Bjørset. 3 gardsbruk. Landskyld: 5 hudar og 1 skinn.¹ Sjølveigarbruk. Matrikelnummer 1.

Søgarn-Bjørset. 2 gardsbruk. Landskyld: 3 hudar og 4 skinn.² Sjølveigarbruk. Matrikelnummer 1.

Søstua-Bjørset. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud og 8 skinn.³ Sjølveigarbruk. Fleireinings- hushald. Matrikelnummer 1.

xx. Omlag 28 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).

xx. Omlag 24 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).

xx. Omlag 5 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. Omlag 1 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

1. Tølløv Håkkåsson (o. 1743-70). Omlag 19 år. Mann. Bondens bror og tenestekar. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1743 på Søstua-Bjørset. Fødsel.⁴

Han var truleg ein son av Håkkå Tølløvsson (o. 1701-88) og Inger Jonsdotter (o. 1703-80), brukarar av Søstua-Bjørset⁵ (sjå også nedanfor). Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen.

25.03.1750 på Søstua-Bjørset. Skifte etter hans avdøde mor Marte Jensdotter.⁶

22.04.1758 på Søstua-Bjørset. Skifte etter hans far, Håkkå Tølløvsson, og stemor, Inger Jonsdotter, i levande live.⁷

20.04.1760 på Bjørset. Konfirmasjon.⁸

20.04.1760 på Bjørset. Konfirmasjonsnattverd.

16.11.1760 på Bjørset. Nattverd.

26.04.1761 på Bjørset. Nattverd.

29.11.1761 på Bjørset. Nattverd.

09.05.1762 på Bjørset. Nattverd.

01.10.1762 på Søstua-Bjørset. ES.

14.11.1762 på Bjørset. Nattverd.

..1763 på Søstua-Bjørset. ES.

21.06.1764. g. i Våler kyrkje m. Marte Persdotter Svenkerud.

09.08.1765 på Garde. Sesjon.⁹

Brukarar av Nørdre-Svenkerud i Våler sokn.¹⁰

27.05.1770 på Svenkerud. Gravlegging.¹¹

2. Hans Olsson. Mann. Bondens tenestedreng (Dreng over 12 år).

Eg kan ikkje finne han i NB, og han er derfor vanskeleg å identifisere. Det er ikkje usannsynleg at han er identisk med sonen på Engemoen som var født omlag 1750. Han fins ikkje innført som korkje kf., gift eller gra. Truleg var han ikkje kf. Det kan også vera han som er gra. 23.01.1814, 65 år gammal. Altså f. o. 1749.

01.10.1762 på Søstua-Bjørset. ES.

..1763 på Søstua-Bjørset. ES.

3. Kerste Olsdotter (o. 1744-). Omlag 18 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1744 på Engemoen. Fødsel.¹²

Ho var truleg ei dotter av Ola Andersson og Dorte Olsdotter, brukarar av garden Engemoen.¹³ Det fins fleire med denne namnekombinasjonen, m.a. nr. 153. som var i teneste på Bånrud, men det er grunn til å tru at Kerste var frå Engemoen da denne garden ligg rett nord for Bjørset.

20.04.1758 på Engemoen. Skifte etter hennar avdøde mor Dorte Olsdotter.¹⁴

09.11.1760 på Engemoen. Konfirmasjon¹⁵.

09.11.1760 på Engemoen. Konfirmasjonsnattverd.

26.04.1761 på Engemoen. Nattverd.

22/28/29.11.1761 på Engemoen. Nattverd.

16.05.1762 på Engemoen. Nattverd.

01.10.1762 på Søstua-Bjørset. ES.

14.11.1762 på Engemoen. Nattverd.

..1763 på Søstua-Bjørset. ES.

Vanskeleg å identifisere vidare.

xx. Omlag 61 år. Mann. Bondens far. Gift andre gong (Andre hos seg havande).

xx. Omlag 59 år. Kvinne. Bondens stemor. Gift tredje gong (Andre hos seg havande, hustru).

xx. Omlag 16 år. Kvinne. Stemoras dotter (Andre hos seg havande).

Engemoen. Gardsbruk. Denne husmannsplassen vart frasolgt i 1737 men skylda er ikkje nemnt.¹⁶ Den er heller ikkje nemnt ved ein pantobligasjon Ola utsteda åt Jo Gunnersson Bjørset for eit lån på 120 rd. Tinglest 07.03.1742.¹⁷ (ved skiftet etter Dorte Olsdotter i 1759 var den i sjølveige, men landskylda er heller ikkje da nemnt). Sjølveigarbruk. Utvida hushald.

- xx. Omlag 52 år. Mann. Bonde. Gift andre gong (Husmenn og innerstar).
- xx. Omlag 40 år. Kvinne. Bondens kone. Gift fyrste gong (Husmenn og innerstar, hustru).
- xx. Omlag 17 år. Mann. Bondens son (Husmenn og innerstar, son).
- xx. Omlag 76 år. Kvinne. Bondens mor. Enkje (Husmenn og innerstar).
- xx. Over 70 år. Kvinne. Ugift (Husmenn og innerstar, fattig og legdekinne).

Josstua-Bjørset. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud og 8 skinn.¹⁸ Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikelnummer 1.

- xx. Omlag 54 år. Kvinne. Bondekone og sjølveigar. Enkje (Brukarar, enkje).
- xx. Omlag 32 år. Mann. Bondekonas son. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 21 år. Mann. Bondekonas son. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 20 år. Mann. Bondekonas son. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 16 år. Mann. Bondekonas son (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 13 år. Kvinne. Bondekonas dotter (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 11 år. Mann. Bondekonas son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
- xx. Omlag 9 år. Kvinne. Bondekonas dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- 4. Kari Olsdotter** (o. 1742-80). Omlag 20 år. Kvinne. Bondekonas tenestejente. Ugift (pike over 12 år).

Omlag 1742 på Kjærkjeberg. Fødsel.

Argumentet for denne påstanden er at viss ein går ut frå at ho ikkje er utegløynd under Kjærkjeberg må ho helst ha vori i teneste ein stad. Den einaste tenestejenta som kan passe med ho er denne. Det at ho flytta åt Nørdre-Berge i 1763 styrkar også denne teorien.

09.11.1760 på Kjærkjeberg. Konfirmasjon.¹⁹

09.11.1760 på Kjærkjeberg. Konfirmasjonsnattverd.

05.04.1761 på Kjærkjeberg. Nattverd.

29.11.1761 på Kjærkjeberg. Nattverd.

16.05.1762 på Kjærkjeberg. Nattverd.

01.10.1762 på Josstua-Bjørset. ES.

14.11.1762 på Kjærkjeberg. Nattverd.

.10.1763 på Josstua-Bjørset. Tenesteflytting.
.10.1763 på Nørdre-Berge. Tenesteflytting.
21.05.1780 på Kjærkjeberg. Gravlegging.²⁰

Bjørsethagan? Husmannsplass.²¹ Enkelthushald.

xx. Mann. Husmann. Gift (Husmenn og innerstar).

xx. Kvinne. Husmannens kone. Gift (Husmenn og innerstar, hustru).

xx. Omlag 19 år. Mann. Husmannens son. Ugift (Husmenn og innerstar, son).

5. Maren Hallvordsdotter. Kvinne. Husmannens tenestejente (Husmenn og innerstar, pike i teneste).

Eg kan ikkje finne ho i NB, og ho er dermed vanskeleg å identifisere. Ettersom ho ikkje fins i NB tyder det på at ho er ukonfirmert.

01.10.1762 i Bjørsethagan? ES.

.11.1763 i Bjørsethagan? Flytting.

.11.1763 i Våler sokn. Flytting.

Ner-Bronka? Husmannsplass eller innersthushald. Enkelthushald.

xx. Omlag 63 år. Mann. Husmann eller innerst. Gift (Husmenn og innerstar).

xx. Omlag 69 år. Kvinne. Husmannens eller innerstens kone. Gift (Husmenn og innerstar, hustru).

Nordgarn-Bjørset. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud og 9 skinn.²² Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikelnummer 1.

xx. Omlag 26 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Ugift (Brukarar).

6. Jo Andersson (o. 1731-1811). Omlag 31 år. Mann. Bondens tenestekar. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1731 på Mellom-Skurstad. Fødsel.

Han var truleg ein son av Anders Embretsson (o. 1699-1762) og Mari Gudmundsdotter (o. 1696-1762), brukarar av Mellom-Skurstad fram til 1734. I BM (1736) var dei husmannsfolk under garden. Dei var busatt på Skurstad heilt fram til 1742 i følgje NB.

Sjå Skansstua der faren og broren budde. Det viktigaste indisiet er vigselen i 1767 der han var busatt i Skanshagan.

Nattverdsgangen frå Østerhaug er vel også eit indisium på at han truleg var ein son i Skansstua, der foreldra var busatt.

28.05.1758 på Østerhaug. Nattverd.

05.11.1758 på Østerhaug. Nattverd.

13.05.1759 på Murud. Nattverd.

18.11.1759 på Murud. Nattverd.
15.05.1760 på Murud. Nattverd.
16.11.1760 på Murud. Nattverd.
30.04.1761 på Østerhaug. Nattverd.
29.11.1761 på Bjørset. Nattverd.
16.05.1762 på Østerhaug. Nattverd.
01.10.1762 på Nordgarn-Bjørset. ES.
14.11.1762 på Bjørset. Nattverd.
.11.1763 på Nordgarn-Bjørset. Tenesteflytting.
.11.1763 i Skanshagan. Tenesteflytting.
09.08.1765 på Garde. Sesjon.²³
13.11.1767 i Skanshagan. gm. Mari Embretsdotter Årnes (enkje).²⁴
13.05.1798 på Årnes. Gravlegging.²⁵
01.02.1801 på ein husmannsplass under Årnes. Enkjemann fyrste gong, innerst og arbeidar. Han var 71 år.
13.10.1811 på Bakken. Gravlegging.²⁶

7. Anders Olsson (o. 1716-96). Omlag 46 år. Mann. Bondens tenestekar. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1716 på ____? Fødsel.

Vanskeleg å identifisere før dette.

04.07.1756 på Bjørset. Legemål med Siri Krestoffersdotter Nøtåsen eller Værlia. Han var da skiløpar i major Felbers kompani. Dåp av dottera Eli.

16.05.1758 på Bjørset. Nattverd.

06.04.1759 på Bjørset. Nattverd.

18.11.1759 på Bjørset. Nattverd.

27.05.1760 på Bjørset. Nattverd.

16.11.1760 på Bjørset. Nattverd.

26.04.1761 på Bjørset. Nattverd.

11.10.1761 på Bjørset. Legemål m. Siri Olsdotter Nørdre-Hoom. Dåp av sonen Ola.

31.03.1762 på Bjørset. Nattverd.

01.10.1762 på Nordgarn-Bjørset. ES.

17.10.1762 på Bjørset. Nattverd.

..1763 på Nordgarn-Bjørset. ES.

22.01.1764 på Bjørset. Legemål med Kari Andersdotter Frå Hof finnskog. Landevernsoldat i Oppens kompani. Dåp av sonen Ola.

02.04.1766 på Bjørset. gm. Jørøn Hansdotter (o. 1736-1818). Tenestejente på Jømne. Truleg på Søgarn-Jømne ettersom bonden på Søgarn-Jømne Ola Eriksson er forlovar ved Jørøns vigsel i 1766 tyder det på at ho da var i teneste hos han. Bonden til Anders, Gunner Sjurdsen på Nordgarn-Bjørset var også forlovar.

Brukarar av husmannsplassen Kvernbakken under Melgarn-Jømne.²⁷ Seinare av ein husmannsplass Moen.

25.09.1796 på Moen. Gravlegging.²⁸

8. Ola Olsson (o. 1747-). Omlag 15 år. Mann. Bondens syskenbarn (mosterson) og tenestedreng. Også syskenbarn (mosterson) ått 9 og 10 (Dreng over 12 år).

Omlag 1747 på Engemoen. Fødsel.

Han var truleg ein son av Ola Andersson (o. 1709-88) og Dorte Olsdotter (o. 1713-57), brukarar av garden Engemoen.²⁹ Det fins, ikkje uventa, mange med denne namnekombinasjonen, men nærleiken mellom Bjørset og Engemoen gjør det sannsynleg at Ola var frå Engemoen.

01.10.1762 på Nordgarn-Bjørset. ES.

..1763 på Nordgarn-Bjørset. ES.

17.06.1764 på Engemoen. Konfirmasjon.³⁰

Vanskeleg å identifisere vidare.

9. Kerste Sjurdsdotter (o. 1734-1808). Omlag 28 år. Kvinne. Bondens syster og tenestejente. Også syster ått 10 og syskenbarn (mosterdatter) ått 8. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1734 på Nordgarn-Bjørset. Fødsel.³¹

Ho var truleg ei datter av Sjurd Gunnersson (1698-1755) og Ragnill Olsdotter (o. 1700-69) (sjå under), brukarar av Nordgarn-Bjørset. Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen.

..1752 på Bjørset. Konfirmasjon.³²

30.04.1758 på Bjørset. Nattverd.

05.11.1758 på Bjørset. Nattverd.

20.05.1759 på Bjørset. Nattverd.

25.11.1759 på Bjørset. Nattverd.

15.05.1760 på Bjørset. Nattverd.

16.11.1760 på Bjørset. Nattverd.

05.04.1761 på Bjørset. Nattverd.

08.04.1761 på Nordgarn-Bjørset. Skifte etter hennar mor, Ragnill Olsdotter, i levande live.³³

15.11.1761 på Bjørset. Nattverd.

09.05.1762 på Bjørset. Nattverd.

01.10.1762 på Nordgarn-Bjørset. ES.

14.11.1762 på Bjørset. Nattverd.

..1763 på Nordgarn-Bjørset. ES.

06.02.1774 på Bjørset (pike). gm. Ola Jensson Årnes (enkjemann).

01.02.1801 på ein husmannsplass med jord under Årnes. Ho var 68 år.

Brukarar av Årnes og seinare av plass under garden.³⁴

24.04.1808 på Årnes. Gravlegging.³⁵

10. Kari Sjurdsdotter (o. 1741-81). Omlag 21 år. Kvinne. Bondens syster og tenestejente. Også syster åt 9 og syskenbarn (mosterdotter) åt 8. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1741 på Nordgarn-Bjørset. Fødsel.³⁶

Ho var truleg ei dotter av Sjurd Gunnersson (1698-1755) og Ragnill Olsdotter (o. 1700-69) (sjå under), brukarar av Nordgarn-Bjørset. Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen.

..1757 på Bjørset. Konfirmasjon.³⁷

28.05.1758 på Bjørset. Nattverd.

12.11.1758 på Bjørset Nattverd.

20.05.1759 på Bjørset. Nattverd.

18.11.1759 på Bjørset. Nattverd.

15.05.1760 på Bjørset. Nattverd.

16.11.1760 på Bjørset. Nattverd.

08.04.1761 på Nordgarn-Bjørset. Skifte etter hennar mor, Ragnill Olsdotter, i levande live.³⁸

26.04.1761 på Bjørset. Nattverd.

29.11.1761 på Bjørset. Nattverd.

01.06.1762 på Bjørset. Nattverd.

01.10.1762 på Nordgarn-Bjørset. ES.

26.11.1762 på Bjørset. Nattverd. Ho sto åpenbart skifte samme dag for legemål med skiløpar Hans Olsson Haug.

..1763 på Nordgarn-Bjørset. ES.

06.04.1764 på Bjørset. g1m. Hans Olsson Haug.

23.08.1774 på Søgarn-Haug. Skifte etter hennar avdøde mann Hans Olsson.³⁹

03.11.1775 på Haug (enkje). g2m. Ola Persson Ner-Løkja (ungkar).

Brukarar av Søgarn-Haug.⁴⁰

02.09.1781 på Haug. Gravlegging.⁴¹

04.10.1781 på Søgarn-Haug. Skifte etter ho.⁴²

xx. Omlag 1 måned. Kvinne. Bondens systerdotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

11. Mette Embretsdotter (o. 1743-1811). Omlag 19 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1743 på Bruk 1 Vestre-Finnstad. Fødsel.

Ho var truleg ei dotter av Embret Krestensson (o. 1703-82) og Ragnill Andersdotter (o. 1713-81), brukarar av Bruk 1 Vestre-Finnstad fram til o. 1742.⁴³ Deretter på husmannsplassen Myra under Østre-Uthus (sjå der). Eit sterkt indisium for det er at ho budde på Uthus da ho vart kf. Foreldra budde på denne tida på husmannsplassen Myra som låg under Uthus. Ettersom det kun var ei til med denne namnekombinasjonen og ho var gift i 1752 er det sannsynleg at denne Mette er identisk med ho frå Finnstad.

..1761 på Uthus. Konfirmasjon.⁴⁴

22/28.11.1761 på Uthus. Nattverdiskonfirmasjon.

09.05.1762 på Uthus. Nattverd.

01.10.1762 på Nordgarn-Bjørset. ES.

..1763 på Nordgarn-Bjørset. ES.

02.05.1779 på Finnstad. gm. Per Persson Finnstad.⁴⁵ I 1801-teljinga står det at han er født i Sverige. Han var truleg ikkje i Elverum i 1762.

01.02.1801. Husmannsfolk under Jens Toresson på Hemersætre. Ho var 58 år.

20.11.1811 på Hemersætre. Gravlegging.⁴⁶

xx. Omlag 62 år. Kvinne. Bondens mor. Enkje (Andre hos seg havande).

Øver-Bronka (Øvre-Bronkeplassen). Husmannsplass. Enkelthushald.

xx. Omlag 30 år. Mann. Husmann. Gift (Husmenn og innerstar).

xx. Omlag 38 år. Kvinne. Husmannens kone. Gift (Husmenn og innerstar, hustru).

xx. 7 år. Mann. Husmannens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

xx. 2 år. Kvinne. Husmannens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

12. Embret Persson (o. 1750-87). Omlag 12 år. Mann. Husmannens tenestedreng (Husmenn og innerstar, dreng).

Omlag 1750 på ____? Fødsel.

Vanskeleg å identifisere før dette, men det er truleg han som er kf. som busatt på Bronka i 1766. I følgje skiftet etter Embret 13.12.1787 i Grøndalen under Prestgarn, var Per Larsson på Aslakrud i Våler sokn Embrets systemmann.⁴⁷ Per vart gift i Elverum

27.12.1765 med Dorte Embretsdotter Bronka. Ved folketeljinga 1801 var Per og Dorte, høvesvis 57 og 56 år gamle. Dorte må ha vori ei eldre halvsystem av Embret. Embret er truleg oppkalt etter sin avdøde verfar. Dorte fins ikkje i 1762 for Hof sokn

Embret har truleg ei syster ved namn Ragnill som vart kf. 1767.⁴⁸

01.10.1762 på Øver-Bronka. ES.

..1763 på Øver-Bonka. ES.

..1766 på Bronka. Konfirmasjon.⁴⁹

08.03.1767-16.07.1768 på Bronkeplassen. Skifte etter avdøde Strømme Olsson (d. november 1766). Embret Persson er her nemnt som tenar. Han hadde tilgode 8 rd. i tenesteløn (s. 607a-607b)⁵⁰.

30.11.1778 på Svanåsen (ungkar). gm. Anne Persdotter Rustadstua (pike).

30.05.1779 på Svanåsen. Dâp av dottera Guri.

13.03.1785 i Grønndalen. Dâp av sonen Embret.

03.11.1787 i Grønndalen Daud.⁵¹

09.11.1787 i Grønndalen. Gravlegging.⁵²

Bronkebakken? Husmannsplass eller innersthushald. Enkelthushald.

xx. Omlag 37 år. Mann. Husmann eller innerst. Gift (Husmenn og innerstar).

xx. Omlag 26 år. Kvinne. Husmannens eller innerstens kone. Gift (Husmenn og innerstar, hustru).

xx. 3 månader. Mann. Husmannens eller innerstens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

xx. Omlag 74 år. Kvinne. Husmannens eller innerstens vermor. Enkje (Husmenn og innerstar, innerst).

Karlstad. Det ser ikkje ut som det var busatt folk her ved dette leitet.

Sørperud. Gardsbruk. Landskyld: 11 skinn.⁵³ Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikkelnummer 52.

xx. Omlag 44 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).

xx. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).

xx. 11 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

xx. 6 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. 4 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. 2 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

13. Jens Andersson (o. 1731-). Omlag 31 år. Mann. Bondens tenestekar. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1731 på husmannsplassen Engemoen. Fødsel.⁵⁴

Han var truleg ein son av Anders Jakobsson, d. 1735 og Kerste Olsdotter (1686-1766), brukarar av husmannsplassen Engemoen under Bjørset. Frå 1737 var dette eit gardsbruk. Det fins inga andre med denne namnekombinasjone det kan vera. Samtidig er Sørperud grannegarden åt Engemoen i sør.

Oppvekst på sjølveigarbruk frå og med 1737.

25.03.1750 på husmannsplassen Engemoen under Bjørset. Skifte etter avdøde brødrar Anders og Ola Jakobssoner, d. høvesvis 1735 og 1747e ektefelle etter Anders. Jens var nemnt å vera 19 år og heimeverande.⁵⁵

07.05.1758 på Engemoen. Nattverd.

15.10.1758 på Engemoen. Nattverd.

05.06.1759 på Engemoen. Nattverd.

28.10.1759 på Engemoen. Nattverd.

18.05.1760 på Engemoen. Nattverd.

26.10.1760 på Engemoen. Nattverd.

12.04.1761 på Engemoen. Nattverd.

18.10.1761 på Engemoen. Nattverd.

09.05.1762 på Engemoen. Nattverd.

01.10.1762 på Sørperud. ES.

.06.1763 på Sørperud. Tenesteflytting.

.06.1763 ____? Tenesteflytting.

27.04.1772 på Engemoen, g. i Våler kyrkje m. Maria Olsdotter Kåten.⁵⁶

01.02.1801 i føderåd på eit bruk under Våler i Våler sokn. Truleg er dette desse to. Han var 78 år. Han fins ikkje gra. til og med 1829.

14. Kerste Embretsdotter (o. 1735-1818). Omlag 27 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1735 på Bruk 1 Vestre-Finnstad. Fødsel.

Ho var truleg ei dotter av Embret Krestensson (o. 1703-82) og Ragnill Andersdotter (o. 1713-81), brukarar av Bruk 1 Vestre-Finnstad fram til o. 1742.⁵⁷ Deretter på husmannsplassen Myra under Østre-Uthus (sjå der). Eit sterkt indisium for det er at ho budde på Uthus da ho vart kf. Foreldra budde på denne tida på husmannsplassen Myra som låg under Uthus. Ettersom det kun var ei til med denne namnekombinasjonen, og ho kan knyttas åt Ørbekkdalen, er det sannsynleg at Kerste er identisk med ho som var på Sørperud.

24.11.1754 på Uthus. Konfirmasjon.⁵⁸

07.05.1758 på Bjørset. Nattverd.

12.11.1758 på Bjørset. Nattverd.

13.05.1759 på Bjørset. Nattverd.

25.11.1759 på Bjørset. Nattverd.

11.05.1760 på Bjørset. Nattverd.

23.11.1760 på Bjørset. Nattverd.

05.04.1761 på Bjørset. Nattverd.

08.11.1761 på Uthus. Nattverd.
16.05.1762 på Sørperud. Nattverd.
01.10.1762 på Sørperud. ES.
21.11.1762 på Sørperud. Nattverd.
.11.1763 på Sørperud. Tenesteflytting.
.11.1763 på Søstua-Bjørset. Tenesteflytting.
22.04.1771 på Ner-Bronka under Bjørset. Tenestejente. Ho hadde tilgode 3 rd. og 12 sk. Det er ikkje nemnt kor lang tid ho hadde tent.⁵⁹
03.06.1775 på Bjørset. gm. Amund Olsson Skurstad. Han var da landevern.
02.10.1790 på Bjørset. Gravlegging av mannen.
01.02.1801 hos Amund Amundsson på ein husmannsplass under Nordgarn-Bjørset. Losjerande arbeidar og enkje. Ho var 66 år.
22.03.1818 på Sørperud. Daud.
05.04.1818. Gravlegging.⁶⁰

Syenga. Husmannsplass.⁶¹ Enkelthushald.

xx. Omlag 39 år. Mann. Husmann. Gift fyrste gong (Husmenn og innerstar).
xx. Omlag 44 år. Kvinne. Husmannens kone. Gift andre gong.
(Husmenn og innerstar, hustru).
xx. Omlag 17 år. Kvinne. Husmannens stedotter (Husmenn og innerstar, barn).
xx. Omlag 15 år. Mann. Husmannens steson (Husmenn og innerstar, barn).
xx. Omlag 12 år. Kvinne. Husmannens stedotter (Husmenn og innerstar, barn).

Murud. Gardsbruk. Landskyld: 9 skinn.⁶² Sjølveigarbruk. Utvida hushald. Matrikelnummer 51.

xx. Omlag 39 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).
xx. Omlag 40 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
xx. 11 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
xx. 5 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
15. Per Olsson (o. 1728-1805). Omlag 34 år. Mann. Bondens bror og tenestekar. Også syskenbarn (farbrorson) åt 16. Ugift (Tenestekar).
Omlag 1728 på Murud. Fødsel.⁶³

Han var truleg ein son av Ola Eriksson (1694-1743) og Inger Jonsdotter (o. 1703-80), brukarar av Murud.⁶⁴ Argumentet for denne påstanden er at han er knytta åt Murud i NB og det er derfor grunn til å tru at det er bondens bror.

03.12.1743 på Murud. Skifte etter hans avdøde far Ola Eriksson.⁶⁵

22.04.1758 på Murud. Skifte etter hans stefar, Håkkå Tølløvsson, og mor, Inger Jonsdotter, i levande live på Søstua-Bjørset.⁶⁶

28.05.1758 på Murud. Nattverd.

03.12.1758 på Murud. Nattverd.

20.01.1760 på Murud. Nattverd.

18.05.1760 på Murud. Nattverd.

07.12.1760 på Murud. Nattverd.

30.04.1761 på Murud. Nattverd.

29.11.1761 på Murud. Nattverd.

01.06.1762 på Murud. Nattverd.

01.10.1762 på Murud. ES.

24.10.1762 på Murud. Nattverd.

..1763 på Murud. ES.

09.05.1767 på Murud. gm. Anne Maria Eriksdotter Grunnset.

01.02.1801 på Sør-Søberg. Han var bonde og 74 år.

Brukarar av Sør-Søberg.⁶⁷

17.04.1805 på Sør-Berge. Gravlegging.⁶⁸

16. Erik Amundsson (o. 1749-). Omlag 13 år. Mann. Bondens syskenbarn (farbrorson) og tenestedreng. Også syskenbarn (farbrorson) åt 15 (Dreng over 12 år).

Omlag 1749 i Østre-Hagan. Fødsel.⁶⁹

Han er truleg ein son av Amund Eriksson (o. 1701-68) og Anne Olsdotter (o. 1713-57, brukarar av Østre-Hagan⁷⁰). Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen. Det er jo også eit indisium at han da vil vera bondens syskenbarn.

02.04.1760 i Østre-Hagan. Skifte etter hans far, Amund Eriksson, og stemor, Siri Eriksdotter, i levande live.⁷¹

01.10.1762 på Murud. ES.

..1763 på Murud. ES.

..1768 i Hagan. Konfirmasjon.⁷²

Erik Amundsson frå Hagan (son av Amund Eriksson fra Murud, brukar i Hagan) levde 22.06.1801, da det ble skiftet etter syskenbarnet, avdøde Ingeborg Olsdotter.

Han var nemnt å bu i København.

Stambok 2 1785-1822, s. 30-31. nr. 5. Den kongelege livgarde. Garde.

Født i Noreg i Elverum sokn i Akershus stift. Luteranar. Faren er bonde. Verva av korpset i Noreg. Alder 21 år. 67 ½ tomme.

Framstilt for regimentsjefen 04.06.1772. 02.06.1772 ____? Kapitulasjon 09.03.1772 på 14 år. Kor ofte rekapitulert 1785 på 2 år. 13 år har han tent. Dimitert 1789 (Rigsarkivet i København).

01.02.1801. Han fins ikkje i København ved dette leitet.

17. Berte Olsdotter. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1711 på ____? i Hof sokn. Fødsel.

Ut i frå lenkingsmetoden er det truleg at den Berte det var skifte etter den 16.06.1777 på Hansstua-Løkja er identisk med denne.

Det var uklart kven som var mor hennar. Men truleg var foreldra ein Ola Jonsson og ei ved namn Lisbet. Truleg var ho dp. i Hof sokn. Ho fins ikkje innført i kyrkjeboka som dp. her.⁷³ Ved skiftet etter ho er det to vitner som seier at ho var daud på Skjøfstad.

Dette var jo i følgje skiftet ikkje rektig da ho jo budde på Hansstua-Løkja da ho døydde. Men det kan jo vera at dei blanda da ho i følgje NB hadde budd på Skjøfstad. Til trass for at ho har ein heller vanleg namnekombinasjon, tyder dette på at denne tenestejenta er identisk med Berte i skiftet frå 1777. Det blir i skiftet også tydeleg sagt at ho var ei gammal pike.

30.04.1758 på Skjøfstad. Nattverd.

22.10.1758 på Skjøfstad. Nattverd.

20.05.1759 på Kvasstad. Nattverd.

18.11.1759 på Kvasstad/Løkja. Nattverd.

15.05.1760 på Kvasstad. Nattverd.

16.11.1760 på Kvasstad. Nattverd.

19.04.1761 på Kvasstad. Nattverd.

25.10.1761 på Kvasstad. Nattverd.

09.05.1762 på Murud. Nattverd.

01.10.1762 på Murud. ES.

14.11.1762 på Murud. Nattverd.

.12.1763 på Murud. Tenesteflytting.

.12.1763 ____? Tenesteflytting.

01.06.1777 på Løkja. Gravlegging.⁷⁴

16.06.1777 på Hansstua-Løkja. Skifte etter ho.⁷⁵

Søberg. 2 gardsbruk. Landskyld: 2 hudar og 4 skinn.⁷⁶ Sjølveigarbruk. Utvida hushald. Matrikelnummer 41.

Sø-Søberg. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud.⁷⁷ Sjølveigarbruk. Utvida hushald. Matrikelnummer 41.

- xx. Omlag 43 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).
- xx. Omlag 39 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
- xx. Omlag 12 år. Mann. Bondens son (Barn over 12 år).
- xx. 10 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
- xx. 8 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- xx. 6 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
- xx. 4 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
- xx. 1 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- xx. Omlag 70 år. Kvinne. Bondens vermor. Enkje (Andre hos seg havande).

Nord-Søberg. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud og 4 skinn.⁷⁸ Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikelnummer 41.

- xx. Omlag 56 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).
- xx. Omlag 55 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
- xx. Omlag 23 år. Mann. Bondens son. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 18 år. Kvinne. Bondens dotter. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 16 år. Mann. Bondens son (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 13 år. Kvinne. Bondens dotter (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 12 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- xx. 5 år. Kvinne. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- xx. Omlag 50 år. Kvinne. Ugift (Andre hos seg havande).

Kjærkjeberg. Gardsbruk. Landskyld: 1 ½ hud.⁷⁹ Leilendingsbruk og benefisert gods (eigar var Elverum prestebol). Enkelthushald. Matrikelnummer 54.

- xx. 30 år. Mann. Bonde og leilending. Gift (Brukarar).
- xx. Omlag 28 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
- xx. 4 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
- xx. 9 månader. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- 18. Ingeborg Enersdotter** (o. 1740-1809). Omlag 22 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år). Omlag 1740 på Mellom-Moen Skjøfstad. Fødsel.⁸⁰

Truleg var ho ei dotter av Ener Ottarsson (o. 1703-55) og Kerste Olsdotter (o. 1704-73), brukarar av Mellom-Moen Skjøfstad frå 1735.⁸¹ Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen.

02.03.1756 på Mellom-Moen Skjøfstad. Skifte etter hennar avdøde far Ener Ottarsson.⁸²

..1757 på Moen. Konfirmasjon.⁸³

28.05.1758 på Moen. Nattverd.

05.11.1758 på Moen. Nattverd.

13.05.1759 på Moen. Nattverd.

18.11.1759 på Moen. Nattverd.

15.05.1760 på Moen. Nattverd.

16.11.1760 på Moen. Nattverd.

19.04.1761 på Moen. Nattverd.

29.11.1761 på Moen. Nattverd.

16.05.1762 på Moen. Nattverd.

01.10.1762 på Kjærkjeberg. ES.

14.11.1762 på Moen. Nattverd.

..1763 på Kjærkjeberg. ES.

28.11.1765 på Moen. gm. Hans Olsson Ner-Skjøfstad.

27.12.1765 på Ner-Skjøfstad. Dåp av dottera Inger.

06.07.1768 på Moen/Vika. Skifte etter fastermannen og enkjemannen Amund Torkjellsson og hans avdøde kone Kari Ottarsdotter på Kjelde.⁸⁴

11.09.1768 i Øver-Skjøfstadvika. Dåp av dottera Kerste.

01.09.1771 i Skjøfstadvika. Dåp av dottera Olea.

08.01.1775 på husmannsplass under Øver-Skjøfstad (husmannsfolk). Dåp av sonen Ola.

08.03.1778 i Vika. Dåp av sonen Hans.

12.03.1790 i Vika. Mannen gravlagt.

01.02.1801 på ein husmannsplass med jord under Øver-Skjøfstad (Ola Pålsson Salfelt). Føderådskone hos sonen Ola. Ho var 65 år.

30.07.1809 på Vika. Gravlegging.⁸⁵

xx. Omlag 42 år. Mann. Gift (Andre hos seg havande).

xx. Omlag 47 år. Mannens kone. Gift (Andre hos seg havande, hustru).

xx. Omlag 12 år. Mannens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. 9 år. Mannens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

xx. 6 år. Mannens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

Kjærkjebregbrenna? Husmannsplass.⁸⁶ Enkelthushald.

xx. Omlag 78 år. Mann. Husmann. Gift (Husmenn og innerstar).

xx. Omlag 58 år. Kvinne. Husmannens kone. Gift (Husmenn og innerstar, hustru).

Nørdre-Berge. Gardsbruk. Landskyld: 2 hudar.⁸⁷ Sjølveigarbruk. Fleireiningshushald. Matrikelnummer 33.

xx. 40 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).

xx. Omlag 40 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).

xx. 9 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. 6 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. 3 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

xx. 2 månader. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

19. Ola Eriksson (o. 1738-1821). Omlag 24 år. Kvinne. Bondens tenestedreng. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1738 på Nordgarn-Oppsal. Fødsel.⁸⁸

Han var truleg ein son av Erik Eriksson (o. 1710-68) og Eli Jonsdotter (o. 1711-95), brukarar av Nordgarn-Oppsal frå 1743.⁸⁹ Det er fleire med dette namnet, men inga som er einslege og busatt i Heradsbygda.

11.07.1756 på Oppsal. Konfirmasjon.⁹⁰

30.04.1758 på Oppsal. Nattverd.

05.11.1758 på Oppsal. Nattverd.

13.05.1759 på Oppsal. Nattverd.

18.11.1759 på Oppsal. Nattverd.

11.05.1760 på Oppsal. Nattverd.

16.11.1760 på Oppsal. Nattverd.

19.04.1761 på Oppsal. Nattverd.

29.11.1761 på Oppsal. Nattverd.

16.05.1762 på Oppsal. Nattverd.

01.10.1762 på Nørdre-Berge. ES.

14.11.1762 på Oppsal. Nattverd.

..1763 på Nørdre-Berge. ES.

23.04.1765 på Nordgarn-Oppsal. Skifte etter hans foreldre, Erik Eriksson og Eli Jonsdotter, i levande live.⁹¹

09.08.1765 på Garde. Sesjon.⁹²

05.02.1772 på Oppsal. gm. Siri Olsdotter Syndre-Elset i Våler sokn.⁹³

Brukarar av Syndre-Elset i Våler sokn.⁹⁴

01.02.1801 på Syndre-Elset i Våler sokn. Han var bonde og rodemester. Han var 64 år.

02.09.1821 på Syndre-Elset (føderådsmann). Daud.

11.11.1821. Gravlegging i Våler kyrkje.⁹⁵

20. Gunner Olsson (o. 1744-1827). Omlag 18 år. Mann. Bondens tenestereing og bror åt 21. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1744 på Kjærkjeberg. Fødsel.

Han var truleg ein son av Ola Gudmundsson (o. 1720-77) og Katrine Jonsdotter (o. 1715-84), brukarar av Kjærkjeberg. Dei er nemnt der i NB i 1740-åra. Det fins fleire med denne namnekombinasjonen, men indisiet for at det er han, er at han kaller ei av tvillingdøtrene Katrine som da truleg er ei oppkalling av hans mor. Namnet Katrine var uvanleg i Elverum.

01.10.1762 på Nørdre-Berge. ES.

.11.1763 på Kjærkjeberg. Tenesteflytting.

.11.1763 på Nørdre-Berge. Tenesteflytting. Det er ikkje heilt greit å sjå kva som har skjedd her. Eg trur at Gunner kan ha flytta åt Arne på Kjærkjeberg og ikkje motsett ettersom han jo var på Nørdre-Berge. Sjølv sagt kan han ha flytta ein gong som ikkje er nedskrivi, men det at han er registrert med Kjærkjeberg ved kf. kan og tyde på at han var busatt der sjøl om det og bare kan vera skrivi inn fordi han var derfrå.

13.11.1763 på Kjærkjeberg. Konfirmasjon.⁹⁶

01.12.1771 på Murud. g1m. Jesel Andersdotter Midtskogen.⁹⁷

18.10.1772 på Kjærkjeberg. Dåp av dottera Oleanne.

03.12.1775 på Veltgrindalen. Dåp av sonen Anders.

22.11.1778 på Midtskogen. Dåp av sonen Ola.

07.02.1779 på Midtskogen. Gravlegging av sonen Ola.

16.04.1780 på Midtskogen. Dåp av døtrene Guri og Katrine.

29.07.1781 på Midtskogen. Dåp av sonen Hans.

18.04.1797 på Midtskogen. g2m. Kari Embretsdotter Oppsal.⁹⁸

25.08.1799 på Midtskogen. Dåp av sonen Embret.

Brukar av ein husmannplass under Nørdre-Grunnset i 1801-teljinga. Truleg var dette Midtskogbakken. Han var 57 år.

29.04.1827 på Midtskogen. Daud.

06.05.1827. Gravlegging.⁹⁹

21. Jo Olsson (o. 1750-1805). Omlag 12 år. Mann. Bondens tenestekar og bror åt 20 (Tenestekar).

Omlag 1750 på Kjærkjeberg. Fødsel.

Han var truleg ein son av Ola Gudmundsson (o. 1720-77) og Katrine Jonsdotter (o. 1715-84), brukarar av Kjærkjeberg. Dei er nemnt der i NB i 1740-åra. Det fins fleire med denne namnekombinasjonen, men det er inga andre som kan knyttas å Berge i NB, bortsett frå at det er ein Jo Olsson Berge som er kf. 1759.¹⁰⁰ Det er også ein med dette namnet som er gra. 01.05.1763¹⁰¹, men hokken dette er er uvisst da det ikkje står alder her. Med andre ord er det ei von for at Jo også kan vera identisk med den Jo som er kf. buande på Berge i 1759 og kanskje gra. i 1763, men samtidig må jo Jo Olsson Kjærkjeberg truleg ha vori i Elverum ved ES. Ettersom det var hans bror Gunner som var i teneste her er det vel mest sannsynleg han.

11.11.1759 på Nørdre-Berge. Nattverd.

15.05.1760 på Berge. Nattverd.

16.11.1760 på Berge. Nattverd.

19.04.1761 på Berge. Nattverd.

06.12.1761 på Berge. Nattverd.

20.05.1762 på Berge. Nattverd.

01.10.1762 på Nørdre-Berge. ES.

..1763 på Nørdre-Berge. ES.

..1767 på Kjærkjeberg. Konfirmasjon.¹⁰²

11.04.1792 på Kvasstad. gm. Berte Persdotter Kalvadet.

21.10.1792 på Kalvadet. Dåp av sonen Per.

18.12.1796 på Kalvadet. Dåp av sonen Ola.

26.12.1800 på Kalvadet. Dåp av dottera Kari.

08.08.1802 på Kalvadet. Dåp av dottera Kari.

Brukarar av husmannsplassen Kalvadet.¹⁰³

01.02.1801 på Kalvadet. Det står at dei var husmannsfolk, men dei var nok sjølveigarar da husmannsplassen vart frådelt som sjølveigarbruk i 1767. Han var 61 år.

..1805 på Kalvadet. Gravlegging.¹⁰⁴

22. Marte Mensdotter [Monsdotter] (o. 1729-1809). Omlag 33 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1729 på Rokoskogen i Løten sokn. Fødsel.

Ho var truleg ei dotter av Mens Olsson (o. 1700-77), brukar av Rokoskogen i Løten sokn.

09.10.1746 på Roko i Løten sokn. Konfirmasjon i Løten kyrkje.¹⁰⁵

Ved nattverdsgangen den 21.06.1761 het det at ho nyleg hadde flytta frå Løten sokn.

21.06.1761 på Nørdre-Berge. Nattverd.

08.11.1761 på Berge. Nattverd.

20.05.1762 på Nørdre-Berge. Nattverd.

01.10.1762 på Nørdre-Berge. ES.

21.11.1762 på Berge.

..1763 på Nørdre-Berge. ES.

18.06.1766 i Hagan. gm. Jo Gunnersson Skjærbekk.¹⁰⁶ Av ein eller anna grunn finn eg han ikkje i 1762. Han kan kanskje vera identisk med før nemnte Jo Olsson, men det er mindre sannsynleg da han ikkje bur på heimlassen Skjærbekk ved sin kf.

01.02.1801 på Kjærkjeberg. Dei var bønder. Ho var 72 år.

Brukarar av Kjærkjeberg.¹⁰⁷

16.04.1809 på Kjærkjeberg. Gravlegging.¹⁰⁸

23. Maren Jonsdotter (o. 1742-1819). Omlag 20 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1742 på ____? Fødsel.

Ho er vanskeleg å identifisere før dette.

..1759 på Kjærkjeberg. Konfirmasjon.¹⁰⁹

11.11.1759 på Brenna. Nattverd.

15.05.1760 på Berge. Nattverd.

16.11.1760 på Berge. Nattverd.

19.04.1761 på Berge. Nattverd.

29.11.1761 på Berge. Nattverd.

20.05.1762 på Berge. Nattverd.

01.10.1762 på Nørdre-Berge. ES.

14.11.1762 på Berge. Nattverd.

.10.1763 på Nørdre-Berge. Tenesteflytting.

.10.1763 på Kjærkjebergbrenna. Tenesteflytting.

21.04.1771 i Nørdre-Leiret. Dåp av uekte døtrer Kari og Marte med Per Olsson Storberget.

30.08.1772 i Nørdre-Leiret. gm. Per Olsson Storberget.¹¹⁰

21.11.1773 på Storberget. Dåp av sonen Ener.

24.11.1776 på Storberget. Dåp av sonen Tølløv.

01.02.1801 på Fjellet. Nybyggjarplass. Ho var nemnt å vera 59 år.

23.10.1803 på Storberget. Gravlegging av mannen.¹¹¹

26.02.1819 på Storberget. Daud.

07.03.1819. Gravlegging.¹¹²

xx. 60 år. Kvinne. Bondens mor. Enkje (Andre hos seg havande).

xx. 33 år. Mann. Bondens bror. Ugift (Andre hos seg havande).

Innersthushald. Innershushald. Enkelthushald.

xx. Omlag 50 år. Kvinne. Innerstkone. Enkje (Husmenn og innerstar, innerstar).

xx. Omlag 22 år. Kvinne. Innerstkonas dotter. Ugift (Husmenn og innerstar, barn).

xx. Omlag 18 år. Mann. Innerstkonas son. Ugift (Husmenn og innerstar, barn).

xx. 10 år. Mann. Innerstkonas son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

xx. Omlag 82 år. Kvinne. Ugift (Husmenn og innerstar, legdekvinne).

Oppberget. Husmannsplass (Det heiter i ES at dette var ein husmannsplass under Nørdre-Berge). Enkelthushald.

xx. Omlag 58 år. Mann. Husmann. Gift (Husmenn og innerstar).

xx. Omlag 60 år. Kvinne. Husmannens kone. Gift (Husmenn og innerstar, hustru).

24. Kerste Toresdotter (o. 1744-1827). Omlag 18 år. Kvinne. Husmannskonas systerdotter og tenestejente. Ugift (Husmenn og innerstar, pike).

Omlag 1744 på Risberget i Våle sokn? Fødsel.¹¹³

Ho er truleg ei dotter av Tore Knutsson (o. 1702-60) og Tørøn Jørnsdotter (o. 1702-80), brukarar av m.a. Kvernplassen under Nøtåsen i BM (1736). Argumentet for denne påstanden er at ho er den einaste med denne namnekombinasjonen som høver. I tillegg går det fram av NB at ho også var på Oppberget (sjå nedanfor). Dette høver også bra da mostera Gunnill Jørnsdotter budde her.

26.09.1762 på Oppberget. Konfirmasjon.¹¹⁴

01.10.1762 på Oppberget. ES.

14.11.1762 på Oppberget. Nattverd.

..1763 på Oppberget. ES.

13.07.1766 på Oppberget. Dåp av dottera Berte. Faren var Hans Olsson Syndre-Berge.

..1771 på Nøtåsen. gm. Anders Andersson Tuven.

23.08.1772 på Tuven. Dåp av sonen Amund. 6.10.1793 på Tuven. Konfirmasjon.

31.08.1777 på Årnes. Dåp av sonen Tølløv.

16.07.1780 på Melåsberget (Kollerud). Dåp av dottera Kerste.

29.06.1783 på Melåsberget (Kollerud). Dåp av sonen Gunner.

11.06.1786 på Melåsberget (Kollerud). Dåp av sonen Tore.

06.09.1789 på Melåsberget (Kollerud). Dåp av dottera Kerste.
Dei var brukarar av husmannsplassen Kollerud under Ner-Skjøfstad.¹¹⁵
01.02.1801 på husmannsplassen Kollerud under Ner-Skjøfstad. Ho var 57 år.
06.09.1827 på Melåsberget (Kollerud). Daud.
09.09.1827. Gravlegging.¹¹⁶

Hagan. 6 gardsbruk. Landskyld: 2 hudar og 9 skinn.¹¹⁷ Sjølveigarbruk. Matrikkelnummer 9, 87 og 95.

Østre-Hagan. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud.¹¹⁸ Sjølveigarbruk. Fleireiningshushald. Matrikkelnummer 9.

xx. Omlag 25 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).

Han er som skiløpar saman med kona friteki frå ES frå 4. desember 1762.

xx. Omlag 22 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar).

Ho er som skiløparkone saman med mannen friteki frå ES frå 4. desember 1762.

25. Marte Amundsdotter (o. 1743-1814). Omlag 19 år. Kvinne. Bondens syster og tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1743 i Østre-Hagan. Fødsel.¹¹⁹

Ho var truleg ei dotter av Amund Eriksson (o. 1701-68) (sjå under) og Anne Olsdotter (o. 1713-57), brukarar av Østre-Hagan.¹²⁰

Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen. Det er jo også eit indisium at ho da vil vera bondens syster.

30.03.1757 i Østre-Hagan. Skifte etter hennar avdøde mor Anne Olsdotter.¹²¹

02.04.1760 i Østre-Hagan. Skifte etter hennar far, Amund Eriksson, og stemor, Siri Eriksdotter, i levande live.¹²²

20.04.1760 i Hagan. Konfirmasjon.¹²³

20.04.1760 i Hagan. Konfirmasjonsnattverd.

16.11.1760 i Hagan. Nattverd.

19.04.1761 i Hagan. Nattverd.

16.05.1762 i Hagan. Nattverd.

01.10.1762 i Østre-Hagan. ES.

14.11.1762 i Hagan. Nattverd.

..1763 i Østre Hagan. ES.

04.11.1769 i Hagan. gm. Gunner Olsson Volla.

05.08.1770 på Volla. Dåp av sonen Ola.

20.12.1772 på Volla. Dåp av sonen Amund.

11.02.1776 på Volla. Dåp av sonen Jo.

30.07.1780 på Volla. Dåp av dottera Olea.

Brukarar av husmannsplassen Volla under Storhov.¹²⁴

01.02.1801 på husmannsplassen Syndre-Hokstad under Lille-Nøtåsen. Dei hadde føderåd hos sonen Amund. Ho var 56 år.

15.05.1814 på Nerموen. Gravlegging.¹²⁵

xx. Omlag 61 år. Mann. Bondens far. Gift (Andre hos seg havande).

xx. 9 år. Kvinne. Bondens syster. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

Vestre-Hagan. Gardsbruk. Landskyld: 1 hud.¹²⁶ Sjølveigarbruk. Utvida hushald. Matrikelnummer 9.

xx. Omlag 31 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).

xx. Omlag 32 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).

xx. 2 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

26. Hans Olsson (o. 1743-1832). Omlag 19 år. Mann. Bonden og konas tremenning samt tenestedreng. Også tremenning (mormosters soneson) åt 28. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1743 på Mortenshusa. Fødsel.

Han var truleg ein son av Ola Mortensson (o. 1704-73) og Gunnill Olsdotter (o. 1703-81), brukarar av Mortenshusa.¹²⁷ Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre som er nemnt i Hagan i NB med dette namnet.

26.09.1762 i Hagan. Konfirmasjon.¹²⁸

01.10.1762 i Vestre-Hagan. ES.

14.11.1762 i Hagan. Nattverd.

..1763 i Vestre-Hagan. ES.

09.08.1765 på Garde. Sesjon.¹²⁹

07.11.1777 i Hagan (ungkar). gm. Olea Olsdotter Berge (pike).

Dei var brukarar av Mortenshusa.¹³⁰

01.01.1801 på Mortenshusa. Bonde og 59 år.

07.03.1832 i Hagan. Daud som føderådsmann.

18.03.1832. Gravlegging.¹³¹

27. Marte Iversdotter (o. 1737-1812). Omlag 25 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1737 i Grindhagan. Fødsel.

Ho var truleg ei dotter av Iver Hansson (o. 1712-62) og Ingeborg Jonsdotter, brukarar av Grindhagan og seinare av Plassen i Leiret.

Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med dette namnet som er gamle nok.

..1757 i Hagan. Konfirmasjon.¹³²

28.05.1758 i Hagan. Nattverd.

05.11.1758 i Hagan. Nattverd.

13.05.1759 i Grindhagan. Nattverd.

18.11.1759 i Hagan. Nattverd.

15.05.1760 i Hagan. Nattverd.

16.11.1760 i Hagan. Nattverd.

19.04.1761 i Hagan. Nattverd.

29.11.1761 i Hagan. Nattverd.

09.05.1762 på Plassen. Nattverd.

01.10.1762 i Vestre-Hagan. ES.

14.11.1762 i Hagan. Nattverd.

..1763 i Vestre-Hagan. ES.

01.02.1801 på ein husmannsplass med jord under Østerhaug hos sin bror Hans Iversson. Ho var da almisselem og 64 år. Det er ikkje nemnt om ho var enkje eller ugift, men sannsynleg var ho det siste.

28.06.1812 på Sørbekk. Gravlegging.¹³³

28. Anne Amundsdotter (o. 1748-). Omlag 14 år. Kvinne. Bondens syskenbarn (fasterdotter) og tenestejente. Også tremenning (farmosters dotterdotter) åt 26 (Pike over 12 år).

Omlag 1748 i Østre-Hagan. Fødsel.¹³⁴

Ho var truleg ei dotter av Amund Eriksson (o. 1701-68) (sjå under Østre-Hagan) og Anne Olsdotter (o. 1713-57), brukarar av Østre-Hagan.¹³⁵ Det fins ei til med denne namnekombinasjonen men ho kan knyttas åt Væringsåsbrenna og Prestgarn. Det er jo også eit indisium at ho da vil vera bondens syster.

02.04.1760 i Østre-Hagan. Skifte etter hennar far, Amund Eriksson, og stemor, Siri Eriksdotter, i levande live.¹³⁶

01.10.1762 i Vestre-Hagan. ES.

..1763 i Vestre-Hagan. ES.

17.06.1764 i Hagan. Konfirmasjon.¹³⁷

01.02.1801 på husmannsplassen Lia under Garde. Ho var innerst og arbeida hos si syster. Ho var 52 år. Det er ikkje nemnt om ho var enkje eller ugift, men sannsynleg var ho det siste.

Ho fins ikkje som gravlagt fram til og med 1856. Kanskje er ho utegløymd i kyrkjeboka.

Mortenshusa. Gardsbruk. Landskyld: 3 skinn.¹³⁸ Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikelnummer 9.

- xx. Omlag 58 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).
- xx. Omlag 59 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
- xx. Omlag 23 år. Mann. Bondens son. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 23 år. Kvinne. Bondens dotter. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 16 år. Mann. Bondens son (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 78 år. Kvinne. Enkje (Andre hos seg havande, ho var i fattige tilhøve).

Husmannsplass? Husmannsplass eller innersthushald. Enkelthushald.⌘

- xx. Omlag 29 år. Mann. Husmann eller innerst samt skiløpar. Gift (Husmenn og innerstar). Han er bare nemnt indirekte gjennom kona i ES.
- xx. Omlag 38 år. Kvinne. Husmannens eller innerstens kone. Gift (Husmenn og innerstar).
Ho er som skiløparkone friteki frå ES frå 4. desember 1762.
- xx. 5 månader. Kvinne. Husmannens eller innerstens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- xx. Omlag 60 år. Kvinne. Ho var blind. Ugift (Husmenn og innerstar, legdekvinne).

Husa-Hagan. Gardsbruk. Landskyld: ½ hud.¹³⁹ Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikelnummer 9.

- xx. Omlag 56 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).
- xx. Omlag 35 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
- xx. Omlag 27 år. Mann. Bondens son. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 21 år. Kvinne. Bondens dotter. Ugift (Barn over 12 år).
- xx. Omlag 17 år. Mann. Bondens son (Barn over 12 år).
- xx. 2 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.
- xx. 5 månader. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.
- xx. Omlag 65 år. Kvinne. Enkje (Andre hos seg havande).

Mørkhagan. Gardsbruk. Landskyld: 1 skinn.¹⁴⁰ Sjølveigarbruk. Utvida hushald. Matrikelnummer 87.

- xx. Omlag 31 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).
- xx. Omlag 26 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).
- xx. 5 år. Mann. Bondens son. Han er ikkje nemnt da han var under 12 år.

xx. 2 år. Kvinne. Bondens dotter. Ho er ikkje nemnt da ho var under 12 år.

29. Marte Olsdotter (o. 1750-). Omlag 12 år. Kvinne. Bondens tenestejente (Pike over 12 år).

Omlag 1750 på husmannsplassen Volla. Fødsel.

Ho var truleg ei dotter av Ola Jonsson (o. 1716-74) og Mari Olsdotter (o. 1712-73), sjå Volla under Ner-Storhov. Argumentet for denne påstanden er at ho rimelegvis var i Elverum ved dette leitet ettersom ho vart kf. i 1767.

01.10.1762 i Mørkhagan. ES.

..1763 i Mørkhagan. ES.

..1767 på Volla. Konfirmasjon.

29.04.1776 på Volla. gm. Jens Vellomsson Lishov.¹⁴¹

Dei fekk skjøte på Kollerud i 1785.¹⁴²

01.02.1801 på Kollerud. Han var husmann med jord, 50 år og ho var 51 år.

Brukarar av Kollerud.

Eg kan ikkje finne ho som gra., men det må ha skjedd etter 1801-teljinga ettersom ho da fortsatt var i live.

xx. Omlag 78 år. Kvinne. Bondens mor. Enkje (Andre hos seg havande).

Skjærbekk. Gardsbruk. Landskyld: 2 skinn.¹⁴³ Sjølveigarbruk. Fleireiningshushald. Matrikelnummer 95.

xx. Omlag 63 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Gift (Brukarar).

xx. Omlag 53 år. Kvinne. Bondens kone. Gift (Brukarar, hustru).

xx. Omlag 19 år. Kvinne. Bondens dotter. Ugift (Barn over 12 år).

xx. Omlag 16 år. Mann. Bondens son (Barn over 12 år).

xx. Omlag 31 år. Mann. Bondens son og skiløpar. Gift (Andre hos seg havande).

Han er bare nemnt indirekte gjennom kona i ES.

xx. Omlag 24 år. Kvinne. Bondens verdotter. Gift (Andre hos seg havande).

Ho er som skiløparkone friteki frå ES frå 4. desember 1762.

Haug. 3 gardsbruk. Landskyld: 4 ½ hud.¹⁴⁴ Sjølveigarbruk. Matrikelnummer 10.

Søgarn-Haug. Gardsbruk. Landskyld: 2 hudar og 3 skinn.¹⁴⁵ Sjølveigarbruk. Enkelthushald. Matrikelnummer 10.⌘

xx. Omlag 22 år. Mann. Bonde og sjølveigar. Ugift (Brukarar).

30. Amund Andersson (o. 1741-1815). Omlag 21 år. Mann. Bondens tenestedreng. Ugift (Tenestekar).

Omlag 1741 på Tuven under Øgarn-Kvasstad (kan også vera Tuven under Haug). Fødsel.
Han var truleg ein son av Anders Andersson og Kerste Gunnersdotter (o. 1706-96) (sjå Øgardstuvén), brukarar av
husmannsplassen Svea ved BM og seinare av Øgardstuvén.¹⁴⁶

..1759 på Tuven. Konfirmasjon.¹⁴⁷

11.11.1759 på Tuven. Nattverd.

15.05.1760 på Tuven. Nattverd.

16.11.1760 på Tuven. Nattverd.

26.04.1761 på Tuven. Nattverd.

15.11.1761 på Tuven. Nattverd.

09.05.1762 på Tuven. Nattverd.

01.10.1762 på Søgarn-Haug.

21.11.1762 på Tuven. Nattverd.

..1763 på Søgarn-Haug. ES.

09.08.1765 på Garde. Sesjon.¹⁴⁸

03.03.1775 i Hagan (ungkar). gm. Marte Toresdotter Vesterhaug (pike).

Brukarar av Østre-Husa.¹⁴⁹

01.02.1801 på Østre-Husa. Bonde og 63 år.

07.03.1815 i Hagan. Daud som føderådsmann.

12.03.1815. Gravlegging.¹⁵⁰

31. Arne Toresson (o. 1748-97). Omlag 14 år. Mann. Bondens stebror og tenestedreng. Bror åt 32 og 34 (Dreng over 12 år).

Omlag 1748 på Søgarn-Haug. Fødsel.

Truleg var han ein son av Tore Arnesson (o. 1706-86) og Sessel Olsdotter (o. 1710-92) (sjå under), brukarar av Søgarn-Haug.¹⁵¹

Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med dette namnet og at han da vil vera bondens stebror.

01.10.1762 på Søgarn-Haug. ES.

..1763 på Søgarn-Haug. ES.

17.06.1764 på Vesterhaug. Konfirmasjon.¹⁵²

10.11.1774 på Vesterhaug (ungkar). gm. Ingeborg Reersdotter Storhov (pike).

02.07.1775 på Moen. Dåp av dottera Sille.

21.09.1777 på Moen. Dåp av dottera Olea.

21.05.1780 på Moen. Dåp av dottera Marte.

10.08.1783 på Haug. Dåp av dottera Inge.

22.01.1786 på Haug. Dåp av dottera Anne.

20.07.1788 på Haug. Dåp av sonen Tore.

Brukarar av Skjøfstadmoen.¹⁵³

03.09.1797 på Skjærbekk. Gravlegging.¹⁵⁴

32. Ola Toresson (o. 1750-96). Omlag 12 år. Mann. Bondens stebror og tenestedreng. Bror åt 31 og 34 (Dreng over 12 år).

Omlag 1750 på Søgarden-Haug. Fødsel.

Truleg var han ein son av Tore Arnesson (o. 1706-86) og Sessel Olsdotter (o. 1710-92) (sjå under), brukarar av Søgarn-Haug.¹⁵⁵

Argumentet for denne påstanden er at det ikkje fins andre med dette namnet og at han da vil vera bondens stebror.

01.10.1762 på Søgarn-Haug. ES.

..1763 på Søgarn-Haug. ES.

..1767 på Vesterhaug. Konfirmasjon.¹⁵⁶

20.04.1796 i Hagan. Gravlegging.¹⁵⁷

33. Kari Gunnersdotter (o. 1713-1802). Omlag 49 år. Kvinne. Bondens tenestejente. Ugift (Pike over 12 år).

Omlag 1713 på ____? Fødsel.

Vanskeleg å identifisere før dette. Ho kan vera ei dotter av Gunner Olsson og Kari Jensdotter som var brukarar av husmannsplassen Oppsal-Tuven. Argumentet for at ho er identisk med ho som er nemnt i NB, er at det ikkje fins andre med denne namnekombinasjonen som kan knyttas åt Storhov og Vesterhaug. I 1801-teljinga er det kun to med denne namnekombinasjonen som er født før ES. Den andre er nr. 33, men ho kan knyttas åt Grunnset og Vollen.

Ho var i teneste på Ner-Storhov i BM.

04.08.1737 på Vesterhaug. Nattverd.

24.11.1737 på Vesterhaug. Nattverd.

20.04.1738 på Vesterhaug. Nattverd.

16.11.1738 på Løkja. Nattverd.

10.05.1739 på Vesterhaug. Nattverd.

29.11.1739 på Vesterhaug. Nattverd.

26.05.1740 på Vesterhaug. Nattverd.

06.11.1740 på Vesterhaug. Nattverd.

28.05.1741 på Vesterhaug. Nattverd.

15.04.1742 på Storhov. Nattverd.

28.10.1742 på Storhov. Nattverd.

19.05.1743 på Storhov. Nattverd.

27.10.1743 på Storhov. Nattverd.

30.04.1752 på Storhov. Dåp av uekte son Per med Per Persson Moen, underkonstabel.¹⁵⁸

21.05.1758 på Storhov. Nattverd.
08.10.1758 på Storhov. Nattverd.
